




VAL

INFORMASJON

# Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

Viktig informasjon til deg som skal stemme



**Valdagen er 14. september. Hugs legitimasjon!**



Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet

# Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

Ved valet vel vi representantar til kommunestyret og fylkestinget.

**Kommunestyret** er det høgaste organet i kommunen. Her blir det teke avgjerder i lokale saker som barnehagar, barnevern, plan- og arealspørsmål, grunnskule, helse- og omsorgstenester, kulturtiltak og renovasjon.

**Fylkestinget** er det høgaste organet i fylkeskommunen. Fylkestinget tek avgjerder om mellom anna vidaregåande opplæring, fylkesveggar med tilhøyrande ferjestrekningar, lokal kollektivtransport og kulturtiltak.

I Oslo er det kommunestyreval og val til bydelsutval, men ikkje fylkestingsval.

I 20 kommunar kan 16- og 17-åringane stemme ved kommunestyrevalet. Dette gjeld for kommunane Austevoll, Eid, Gausdal, Hamar, Horten, Hå, Klæbu, Kautokeino, Kristiansund, Lillesand, Luster, Mandal, Marker, Målselv, Namdalseid, Oppegård, Porsgrunn, Stavanger, Tysfjord og Vadsø.

Det er dei lokale sakene som påverkar kvardagen din mest. Når du stemmer, er du med og bestemmer kven som skal representere deg og dine interesser i kommunestyret og fylkestinget.

I denne brosjyren får du informasjon om korleis du går fram.

## Valdagen er måndag 14. september 2015

Mange kommuner held også val søndag 13. september.  
Kommunen informerer om det er val i ein eller to dagar.

## Hugs legitimasjon når du stemmer!

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for stemmemottakaren, skal legitimere seg. Legitimasjonen kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan også bruke annan legitimasjon. Legitimasjonen må innehalde namnet på veljaren, fødselsdato og bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon, som til dømes sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å bekrefte identiteten din.

## Alle veljarar får tilsendt valkort

På framsida av valkortet finn du informasjon om kva for vallokale du er registrert ved og opningstida på valdagen. Du treng ikkje valkortet for å stemme, men det sparar deg for tid. Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

## Kven kan stemme?

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2015 og som er, eller har vore, registrerte som busette i Noreg.
- Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 18 år innan utgangen av 2015, og som har vore registrerte som busette i Noreg seinast 30. juni 2015.
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2015, og som har vore registrerte som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen.
- I 20 kommunar kan dei som har fylt 16 år innan utgangen av 2015 stemme ved kommunestyrevalet. Dei må oppfylle busetjingsvilkåra om er nemde ovanfor. Sjå side 2 kva for kommunar dette gjeld.

## Når og kvar kan du stemme?

På valdagen må du stemme i kommunen du er registrert busett i per 30. juni 2015. Du kan stemme i kva vallokale som helst i kommunen.

**Førehandsstemme** kan du gjere frå 1. juli til og med 11. september i kva kommune som helst.

Sjå illustrasjonane på neste side som viser korleis du stemmer i heimkommunen din.

**Dersom du stemmer i ein annan kommune** enn heimkommunen din, blir framgangsmåten ein litt annan. Da får du utdelt ein stemmesetel som er påført namna på dei registrerte politiske partia, utan kandidatnamn. Du må da krysse av for eller skrive på kva parti/gruppe du vil stemme på. Du kan også sjølv skaffe stemmesetel frå din kommune og bruke den dersom du ønskjer å gje personstemmer til kandidatar. Det same gjeld dersom du stemmer utanfor fylket ditt ved fylkestingsvalet.

Stemmer du utanfor heimkommunen din, skal du få ein valfunksjonær til å stemple stemmesetlane før du legg dei ned i ein stemmesetelkonvolutt. Denne konvolutten og valkortet blir så lagt ned i ein omslagskonvolutt, som deretter blir lagt ned i valurna. Stemma blir sendt til heimkommunen din for oppteljing.


Er du sjuk eller ufør, kan du søkje kommunen om å få førehandsstemme heime. Kommunen informerer om søknadsfrist.

Kommunen informerer om hvar vallokala er og opningstider.


Frå august kan du også finne ditt vallokale på mobiltelefonen:  
[www.vallokale.no](http://www.vallokale.no)




# Korleis stemmer du i din heimkommune?




1) Ta stemmesetlane du vil bruke: ein for kommunestyrevalet og ein for fylkestingsvalet.




2) Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane (sjå rettleiing neste side).



3) Brett kvar av stemmesetlane med partinamnet inn og feltet for stemping ut – da kan ingen sjå kva du stemmer. Det skal ikkje vere konvolutt eller anna omslag rundt stemmesetlane.



4) Gå til ein valfunksjonær og få eit stempel på utsida av stemmesetlane. Begge stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende!




5) Legg dei stempla stemmesetlane i valurna.

## Korleis endrar du på stemmesetelen?

Dersom du ønskjer å påverke kva kandidatane som blir valde, må du gje personstemme til desse kandidatane. Det er opp til deg om du vil endre på stemmesetelen ved å gje personstemme.


Ikkje ver redd for å gjere endringar. Framgangsmåten står også på stemmesetelen. Stemma di blir ikkje forkasta sjølv om du gjer feil!

### Slik gjev du personstemme:




#### Ved kommunestyrevalet:

1) Sett eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil stemme på. Du kan gje personstemme til så mange kandidatane du vil.



2) Skriv kandidatnamn frå andre parti/grupper i eit eige felt på stemmesetelen. Kor mange kandidatnamn du kan føre opp, står på stemmesetelen.

Ver merksam på at dersom du gjev personstemme til ein kandidat frå eit anna parti/gruppe, vil ei såkalla listestemme bli overført til det andre partiet/gruppa.



#### Ved fylkestingsvalet:

Sett eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil stemme på. Du kan gje personstemme til så mange kandidatane du vil.

## Kven blir valde?

Først finn valstyret ut kor mange representantar dei ulike partia eller gruppene får i kommunestyret eller fylkestinget. Deretter tel valstyret opp personstemmene for å finne ut kva for kandidatar som blir valde frå kvart parti eller gruppe.

Du finn meir informasjon på [www.val.dep.no](http://www.val.dep.no)



Utgitt 2015 av Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Publikasjonen finst også på bokmål, samisk og ti framandspråk

Du finn meir informasjon på **[www.val.dep.no](http://www.val.dep.no)**

Publikasjonsnummer: H-2344 Nynorsk